

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv



Kultur, idrett og friluftsliv i Askvoll mot 2034

Innhald

Innholdsliste	2
1 Innleiing	5
1.1 Oppbygging av planen	5
1.2 Erfaringar frå førre planperiode	5
1.3 Sentrale omgrep	9
1.4 Organisering og medverknad	10
2 Rammer og føringar for planarbeidet med kultur, idrett og friluftsliv	11
2.1 Økonomiske føresetnader	11
2.2 Nasjonale føringar	11
Berekraftsmåla og ei berekraftig utvikling	12
2.3 Regionale føringar	13
2.4 Lokale føringar	13
3 Generelle utviklingstrekk og utfordringar	15
3.1 Folketalsutvikling og busettingsmønster	15
3.2 Inkludering i samfunnet og integrering av flyktningar	15
3.3 Folkehelse og levekår i Askvoll	15
3.4 Fysisk aktivitet i Askvoll kommune	16
3.4.1 Aktivitetsmønster	17
3.4.2 Barrierar for deltaking	18
3.4.3 Fråfall i organisert idrett	18
3.4.4 Tiltak for auka fysisk aktivitet	19
3.5 Frivillige lag og organisasjonar – samarbeid med kommunen	19
4 Temaområder	20
4.1 Kultur	20
4.1.1 Status kultur i Askvoll	20
4.1.2 Kulturanlegg i Askvoll	24
4.2 Idrett og fysisk aktivitet	24
4.2.1 Deltaking i organisert idrett i Askvoll	24
4.2.2 Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg	25
4.2.3 Oversikt og drift av idretts- og nærmiljøanlegg	25
4.2.4 Krav til spelemiddelsøknader	26
4.2.5 Andre aktivitetstilbod i Askvoll	27
4.2.6 Nye idrettar, trendar og aktivitetsformer	27
4.2.7 Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet	27
4.3 Friluftsliv	28

4.3.1	Status friluftsliv.....	28
4.3.2	Jakt, fiske og hausting.....	32
4.3.3	Statleg sikra friluftsområde	32
4.4	Økonomi og støtteordningar	32
5	Mål og strategiar	35
5.1	Overordna målsetjing.....	35
5.2	Mål og strategiar for temaområda.....	35

Foto på framsida: Harald Halvorsen, Robert Johansen, Visit Fjordkysten og Sunnfjord, Visit Askvoll og Askvoll skule

Føreord

Verdien av kultur, idrett og friluftsliv er godt dokumentert som gode verkemiddel i helsefremjande og førebyggjande arbeid. Idrett og fysisk aktivitet er det området som engasjerer flest menneske i fritida, og det krev difor aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta desse interessene i arealforvaltninga, og for å få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane.

Kommunen har ikkje eigen kulturplan, og kulturområdet er difor vorte innarbeidd som ein del av planarbeidet. Tanken bak dette er å fremje kultur i større grad, og vere med på å bidra til aukande aktivitet innanfor området.

Askvoll kommune har ein negativ befolkningsutvikling og ei skeiv alderssamansetnad. Eit allsidig og spennande kulturtilbod gjev auka attraksjonskraft og bidrar til eit meir positivt omdømme. Når ein kommune framstår med breidde, mangfald og kvalitet i sitt kultur- og fritidstilbod, aukar sjansane for positiv næringsutvikling, tilflytting og gode lokalsamfunn.

I Askvoll kommune er vi heldige som har gode føresetnadar for å vere fysisk aktive på alle nivå. Det er mange aktørar som arbeidar aktivt for å leggje til rette for eit mangfald av aktivitetar og tilbod, og vi har mange anlegg som inviterer til aktivitet.

1 Innleiing

Føremålet med planarbeidet er å få fram politiske målsettingar innanfor området kultur, idrett og fysisk aktivitet. Dette vil vere med å sikre ei plan- og målstyrd utbygging og rehabilitering av anlegg og tilrettelegging av område for desse områda. Kommunedelplanen skal setje mål for ei ynskja utvikling i kommunen, og peike på tiltak for å nå desse måla. Samstundes er det krav frå Kulturdepartementet om at tiltak må vere prioritert i ein kommunedelplan for å kunne søkje om tilskot frå spelemiddelordninga.

I Askvoll kommune vart fyrste kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (no kultur, idrett og friluftsliv) utarbeidd i 1996, og er seinare revidert fleire gonger, seinast i 2018. Revisjon inneber ein fullstendig gjennomgang av planen med sakshandsaming etter føresegnene i plan- og bygningslova. Askvoll kommune har ikkje hatt ein eigen kommunedelplan for kultur, og området er difor innlemma i denne planen. Planen har ein tekstdel, eit handlingsprogram for prioriterte anlegg, og eit handlingsprogram for tiltak. Handlingsprogrammet for anlegg inneheld eit oversyn over anlegg som er i posisjon til å søkje om spelemidlar, og vert rullert kvart år. Etter behov vil det verte utarbeidd eit prioritert handlingsprogram for kulturbygg òg. Tidlegare har det vore få innkomne søknader, men dersom det blir sendt inn fleire søknader må kommunen lage handlingsprogram med prioritert rekkefølge.

Kommunen har utarbeidd eit planprogram som har vore ute til offentleg ettersyn, og som vart fastsett av kommunestyret 14.06.23 i KOM-SAK 032/23. Planprogrammet viser kva tema ein skal sjå nærare på i sjølve planen, og korleis planarbeidet vert gjennomført. Sjølve kommunedelplanen er utarbeidd frå det fastsette planprogrammet. Planarbeidet har vore kunngjort i lokalavisa Firda, og på heimesida til kommunen.

1.1 Oppbygging av planen

Kapittel 1 og 2 tek føre seg sentrale omgrep som er skildra i planarbeidet, evaluering av førre planperiode, samt rammer og føresetnader for planarbeidet.

Kapittel 3 tek føre seg generelle utviklingstrekk og utfordringar i kommunen som folketalsutvikling og korleis dette har utvikla seg frå førre planperiode, og nøkkeltal knytt til dette. Den tar òg føre seg folkehelseutfordringar, nye aktivitetsmønster og barrierar for deltaking og fråfall i idretten og generelle utviklingstrekk og utfordringar. Her går ein nærare inn på utfordringar knytt til helse, og korleis fysisk aktivitet kan ha positiv effekt.

Med utgangspunkt i dette følgjer kapittel 4 med status pr. nov 23, innanfor kultur, idrett og fysisk aktivitet, og friluftsliv.

Kapittel 5 inneheld mål og strategiar for temaområda, der overordna målsetjing med planen går fram, samt kva som skal vere fokuset og kva ein skal prøve å oppnå i løpet av planperioden.

Handlingsprogram og tiltaksliste er lagt ved som vedlegg sidan det er årleg rullering på handlingsprogrammet, og tiltaksdelen skal reviderast jamleg.

1.2 Erfaringar frå førre planperiode

I løpet av førre planperiode har 12 søknadar fått tildelt spelemidlar. Det har vore, og framleis er, stor aktivitet ved fleirbrukshallen i Bulandet. I desember 2022 var det opning av sanitærbygget og båthus. I slutten av 2023 er det planlagt at heile anlegget skal stå ferdig.

Anlegg som har fått tildelt spelemidler i perioden 2018-2023		
Ordinære anlegg		
Anlegg	Lag/organisasjon	Tildelte spelemidler
Kunstgrasbane – Atløy stadion	Atløy idrettslag	1 569 000
Nytskytte – Askvoll kommune	Askvoll kommune	414 000
Sanitæranlegg – Bulandet idrettslag	Bulandet idrettslag	700 000
Klubbhus/lager – Bulandet idrettslag	Bulandet idrettslag	1 700 000
Elektroniske skiver – Helleset skytebane	Askvoll og Holmedal skyttarlag	178 000
Anlegg som har fått tildelt spelemidler i perioden 2018-2023		
Nærmiljøanlegg		
Anlegg	Lag/organisasjon	Tildelte spelemidler
Hinderløype – aktivitetsløype Gjelsvik skule	Askvoll kommune	300 000
Skatepark – Atløy	Atløy idrettslag	375 000
Trampolinepark – Askvoll skule	Askvoll kommune	236 000
Fleirbruksanlegg – Gjelsvik skule	Askvoll kommune	263 000
Hinderløype - Atløy	Atløy idrettslag	300 000
Klatrepark – Askvoll skule	Askvoll kommune	427 000
Bøparken – Askvoll sentrum	Askvoll kommune	362 000

Tabell 1: Oversikt over anlegg som har fått tildelt spelemidler

Uteområda ved skule/barnehage var det stort fokus på i førre planperiode. Skulane og barnehagane gjer ein viktig jobb i arbeidet med fysisk aktivitet og friluftsliv. I Prestemarka er det bl.a. ein utebarnehage. Gjelsvik, Askvoll og Atløy skule har jobba aktivt for å legge til rette for meir fysisk aktivitet. Ved Gjelsvik og Atløy er det etablert fleiraktivitetsområde, i Askvoll har det vorte etablert klatre- og trampolinepark. Dette har vore med på å bidra til meir fysisk aktivitet både i skuletida og på fritida.

TiTur Dalsfjorden

Askvoll og Fjaler kommune har i tett samarbeid med turlaga i Askvoll og Fjaler og Indre Sunnfjord turlag lansert TiTur Dalsfjorden. Dette har utvikla seg til eit populært folkehelseiltak og er ein flott måte å bli kjent med nye turområde. Kvart år vel ein ut fem nye turar i kvar av dei to kommunane. Når ein har besøkt alle toppane og har registrert seg, får ein premie og er med på trekking av gåvekort. Pr. 2023 er den sjuande sesongen i gong. Tiltaket må seiast å vere vellykka, og har utløyst mykje aktivitet både av fastbuande og tilreisande, og bidrar til å halde stiar ved hevd.

BUA Askvoll

BUA er ei gratis utlånsordning av fritidsutstyr for friluftsliv og andre aktivitetar heile året. Det er ein nasjonal ideell organisasjon som skal gjere det enklare for barn og unge å prøve fleire og meir varierte aktivitetar, utan at det er naudsynt til å auke forbruket.



Foto: Askvoll kommune

Skatepark Atløy

Ved Atløy kunstgrasbane er det satt opp ei skaterampe, hinder- og balanseløype med fallunderlag, ein liten pumptrack i den austre halvdel av anlegget. Ovanfor bana er det ved Atløy skule satt opp trampoline og nytt leikestativ med fallunderlag under.

Bøparken

I 2021 vart Bøparken i Askvoll sentrum ferdig. Dette er ein leikepark med trampolinar og treningsapparat som er lokalisert midt i Askvoll sentrum. Desse apparata står ute og er tilgjengelege for alle. I utgangspunktet var det berre planlagt med ei trampoline, men grunna svært mykje aktivitet og besøk vart det auka til to trampolinar.



Bøparken i Askvoll sentrum. Foto: Robert Johansen

Elektroniske skiver Helleset

I løpet av planperioden har det vorte etablert elektroniske skiver ved Helleset skytebane. Det er Askvoll og Holmedal skyttarlag som eig anlegget, medan Askvoll pistolklubb har leigeavtale. Ved å etablere elektroniske skiver, er dei no i posisjon til å arrangere stemner.

Klatrepark Askvoll skule

Ved uteområdet ved Askvoll skule har det vorte etablert fire mindre trampolinar som er nedfelt i terrenget, samt klatrestativ og sklier som har fallunderlag under. Dette området var tidlegare eit lite nytta område då det berre var ein stor grusplass som var lite brukt.



Gjelsvik skule/barnehage

Det er sett saman ei hinder- og balanseløype frå baksida av skulen til eit klatretårn på sørsida av barnehagen. På utsida av vegg til ungdomsskulen er det sett opp ein klatrevegg, og i omtrent same området er det plassert fire trampolinar. Bordtennisbord til bruk ute er plassert på skuleplassen, og i tillegg har idrettslaget laga til utesjakk utanfor inngangen. Ballbanga fekk for ei tid tilbake kunstgras, og barnehagen har fått utplassert ny sklie, ny sandkasse med leiketårn og elles fått ordna opp uteområdet ein del (fjerna mellom anna gummidekk og gamal leikebil o.a.)

Utbetring/etablering av Nykshytta

I løpet av planperioden har dagsturhytta (Nykshytta) vorte oppført. Føremålet med hytta er å stimulere turglede og er eit populært turmål og møteplass i naturen. Dette er eit prosjekt store delar av Vestland har vore med på. Sidan solcellepanelet ikkje har fungert optimalt, blei det i 2022

installert vedomn. Askvoll kommune er eigar av hytta, medan Holmedal Vel har ansvar for den daglege drifta.



Dagsturhytta i Askvoll ligg ved Nykvsvatnet i Holmedal, 455 meter over havet. Foto: Askvoll kommune

Sanitærbygg og båthus – Bulandet og Værlandet fleirbrukshall

I desember 2022 vart sanitærbygget og båthus, tilknytt fleirbrukshallen i Bulandet, ferdigstilt. Her er det gode fasilitetar med dusj, vaskemaskin og tørketrommel i sanitærbygget, medan i båthuset er det mykje sjøutstyr som kan lånast til sjøaktivitet.



Bulandet og Værlandet fleirbrukshall opnar i 2024. Foto: Styret i Bulandet og Værlandet Fleirbrukshall AS

1.3 Sentrale omgrep

Fysisk aktivitet:

Fysisk aktivitet er å rekne som all form for rørsle utført av skjelettmuskular, som medfører energibruk utover kvilenivå.

Idrett:

Aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten. I denne planen blir idrett brukt som eit overordna omgrep, som omfattar både den organiserte idretten, men og fysisk aktivitet som eigenorganisert friluftsliv, trenings- og mosjonsaktivitetar og aktivitetar prega av leik.

Kultur:

Kultur er eit omfattande omgrep. Kultur i tradisjonell forstand er musikk, visuell kunst, scenekunst, kulturminne og kulturarv. Eit utvida kulturomgrep inkluderer og idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som kulturuttrykk. I denne kommunedelplanen har ein innsnevra omgrepet kultur til å famne om områder som kunst, allmenn kultur, kulturskule, film og scenekunst, musikk, kulturformidling, kulturbygg, ungdomsklubb, bydemuseum og møteplassar.

Områda kulturminne, bibliotek og frivillighet er omtala, men ikkje famna om av denne planen.

Folkehelse:

Folkehelse er helsetilstanden i ei avgrensa befolkning, eit land eller ein region. I tillegg til helsetilstanden tek omgrepet opp i seg økonomiske, fysiske, psykiske og miljømessige forhold som påverkar helsetilstanden. Folkehelsearbeidet dreiar seg om å fremje folkehelse, jamne ut sosiale skilnader, skape gode levekår, førebyggje sjukdom, forhindre skadar, og utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar.

Friluftsliv:

Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving.¹

Ferdselsårer:

Ferdselsårer er traséar for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og ferdselsleier over vatn. Døme på ferdselsårer er sti, turveg, lei og løyper.²

Universell utforming:

Universell utforming er ein strategi for planlegging og utforming av produkt og omgjevningar for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle. Eit samfunn utan barrierar er ein føresetnad for å kunne delta i utdanning, arbeidsliv, kultur, idrett og sosialt liv.

For å søkje om spelemidlar, er det eit krav om at anlegget/tiltaket skal vere universelt uforma. I bestemmingar om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet stillast det krav til at alle anlegg som tildelast spelemidlar skal vere tilgjengeleg for personar med funksjonsnedsetting. Dette gjeld både som utøver, publikum, trenarar, dommarar og arrangementsteknisk personale.

Idrettsanlegg:

Tilskot frå spelemiddelordninga skal medverke til at ein større del av befolkninga får høve til å drive med idrett og vere fysisk aktiv. I spelemiddelordninga opererer departementet med følgjande klassifisering av anlegg:

¹ Meld. St. 18 (2015–2016), Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet, Regjeringen.no

² Retteliar: Plan for friluftslivets ferdselsårer (2019)

Nærmiljøanlegg

Anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakeleg knytt til bu- eller opphaldsområde. Skal ikkje utformast for å dekke behovet for anlegg for organisert idrettsleg aktivitet. Hovudsakeleg knytt til bu- eller opphaldsområde.

Ordinære anlegg

Knytt opp til konkurranse- og treningsverksemd for den organiserte idretten.

Friluftsområde og friområde

Fellesnemning på grønne område som er tilgjengelege for allmenta si frie ferdsle.

1.4 Organisering og medverknad

Fagansvaret for planarbeidet ligg hos sakshandsamar v/bygg- og eigedomsavdelinga, folkehelsekoordinator og rådgjevar ved sentraladministrasjonen. I tillegg er det sett ned ei arbeidsgruppe bestående av flyktningkonsulent, representant frå Askvoll idrettsråd, representant frå Fjordane Friluftsråd og kulturskulerektor. Kommunestyret har det overordna ansvaret for planarbeidet.

Det er lovfesta at alle som fremjar planforslag, skal legge til rette for medverknad. Medverknad frå innbyggjarar, lag og organisasjonar er avgjerande for at ein skal nå breitt ut med planarbeidet. Det vert difor sendt ut direkte brev til lag og organisasjonar i kommunen der det går fram korleis ein kan medverke til planen, og kor lang høyringsperioden er. Eventuelle høyringsinnspel må vere kommunen i hende innan denne fristen.

2 Rammer og føringar for planarbeidet med kultur, idrett og friluftsliv

Rammene for kommunedelplanen kjem frå ulike nivå. På nasjonalt nivå gjeld statlege lover, forskrifter, samt føringar frå rundskriv, nasjonalpolitiske retningslinjer og stortingsmeldingar. Det er også utarbeidd ein rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet.

Under følgjer ei oversikt over lover og regelverk som legg føringar for arbeidet med temaområda. I tillegg følgjer ei skildring av utviklingstrekk og aktivitetstrender i Askvoll kommune, og trendar som gjeld generelt i høve til folkehelse og fysisk aktivitet.

2.1 Økonomiske føresetnader

Kommunedelplanen er ikkje juridisk bindande eller økonomisk forpliktande. Planen skal fungere som eit styringsverktøy for politikarar, administrasjonen og innbyggjarar i Askvoll kommune. Prioriterte tiltak må følgast opp og vere i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, samt i kommunen sitt handlingsprogram der kommunal finansiering av eit tiltak blir vedtatt.

Kommunen opplever stadig ein skvis mellom dei tenestene som enkeltpersonar har rett på, og kommunen sine økonomiske rammevilkår. Idrett, fysisk aktivitet og kultur er områder som lenge har vore prega av innskrenkingar ved at tilskot til drift og vedlikehald til idrettslag m.a. har falt vekk. Det har heller ikkje vore mykje økonomiske midlar til kultur.

Askvoll kommune har ikkje ei fast forskotteringsordning på spelemidlar, men har i enkelttilfelle godkjent slike søknader når det har vore få spelemiddelsøknader, eller at beløpet ikkje har vore for høgt.

2.2 Nasjonale føringar

Born og unge og kvalitet i idrettsanlegg er to viktige fokusområde i norsk idrettspolitik. Spelemiddelordninga er viktig for å få realisert flest og best mogleg anlegg, både ordinære anlegg, nærmiljøanlegg og friluftslivsanlegg, og vilkåra legg føringar for utforminga av anleggstypar. Vidare er det laga ei rekke dokument som skal bidra til å sikre brei og aukande aktivitet innan idrett, sjølvorganisert aktivitet, kultur og friluftsliv. Følgjande er aktuelle:

- Bestemmelsar om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - Spillemidler (reviderast årleg av KUD)
- Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida
- Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele – kunst og kultur for, med og av born og unge
- Meld. St. 15 (2022-2023) Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosial helseforskjellar
- Handlingsplan for friluftsliv – natur som kilde til helse og livskvalitet (Klima- og miljødepartementet, 2018)
- «Sammen om aktive liv» - Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 (Departementene, 2020)
- «Sterkere tilbake – en mer inkluderende idrett» - Regjeringens idrettsstrategi (Kulturdepartementet, 2021)

I tillegg, er det ei rekke lover og forskrifter som gjev føringar for kva ein kan få til og korleis dette må gjerast. Nokre av lovverka og forskriftene er:

- Arbeidsmiljølova

- Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- Folkehelselova
- Friluftsløva
- Lov om pengespel (pengespellova)
 - Forskrift om fordeling av idrettens andel av overskotet av Norsk tipping AS
 - Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg
- Opplæringslova
- Forskrift om opplæringslova
- Plan- og bygningslova
- Veglova
- Vegtrafikklova
- Forskrift om helsestasjon og skulehelsetenesta

Berekraftsmåla og ei berekraftig utvikling

FN har definert 17 mål som verdas land må oppnå innan 2030 for å lykkest med å skape ei berekraftig framtid på global basis. Dette vert kalla for berekraftsmåla, og inkluderer konkrete målsettingar for å utrydde fattigdom, utlikne ulikskapar, stoppe menneskeskapte klimaendringar, helse, klima, fiskeriforvaltning, forureining, biologisk mangfald m.m.

Å arbeide for ei berekraftig utvikling handlar om å sjå det vi gjer i breitt perspektiv. Alle aktivitetar og avgjerder må bli vurdert opp mot alle dei tre dimensjonane sosial, økonomisk og økologisk berekraft. For at vi skal nå berekraftsmåla må alle delar av samfunnet bidra.

I arbeidet med kommunedelplanen meiner vi følgjande berekraftsmål er spesielt relevant:



God helse og livskvalitet

I denne planen betyr dette at vi skal fremje tiltak og anlegg som inkluderande og som bidrar til auka livskvalitet. Kommunen skal arbeide for gode og tilgjengelege friluftsområde, kulturtilbod og nærmiljøanlegg, som i samarbeid med frivillige, skal resultere i auka tilhøyrsløve, trivsel og aktivitet.



Mindre ulikskap

I Askvoll ynskjer vi at alle skal med. Vi ynskjer å jamne ut økonomiske, sosiale og kulturelle skilnader som hindrar deltaking. Vi skal legge til rette for at alle uansett alder, funksjonsevne og økonomi har gode møteplassar og kan delta aktivt i kultur- og fritidsaktivitetar.



Berekraftige lokalsamfunn

I planen betyr dette at vi skal prioritere og fremje anlegg og prosjekt som har minimale konsekvensar på det ytre miljøet og varetar naturmangfald og kulturmiljø. Ferdsel til fots og med sykkel skal vere prioritert og byggje opp under lågterskelaktivitetar for fysisk aktivitet.



Samarbeid for å nå måla

I denne planen betyr det å aktivt nytte arenaer for samarbeid og verkemidlar for å finne berekraftige løysingar og sikre ei berekraftig utvikling. Vi ynskjer å byggje vidare på og styrke samarbeidet mellom kommunale tenester, lag og organisasjonar og det frivillige om inkludering av sårbare born og unge i fritidsaktivitet, og fjerne barrierar for deltaking.

2.3 Regionale føringar

På fylkesnivå gjev følgande planar føringar for kommunedelplanen:

- Regional plan for kultur “Kultur byggjer samfunn”, vedteke mars 2023
- Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland 2020-2024
- Strategi for e-sport og gaming i Vestland
- Frivilligstrategi for Vestland

2.4 Lokale føringar

På kommunenivå legg samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen overordna føringar på kommunedelplanen. Samfunnsdelen med langsiktig arealstrategi vart vedtatt av kommunestyret i juni 2023. I planen blir det fastsett fire satsingsområde med kvart sitt hovudmål og to delmål for kvart område. Vidare har kommunen fleire strategiar for å nå delmåla. Visjonen i samfunnsdelen er

«Trivsel i levande bygder – med rom for eventyr!».

For kommunedelplanen legg satsingsområdet “Levande bygder og gode nærmiljø” i samfunnsdelen føringar. Noko av det sentrale i satsingsområdet er at alle skal oppleve å vere ein del av lokalsamfunnet dei høyrer til og at ein skal legge til rette for at alle uansett alder, funksjonsevne og økonomi har gode møteplassar og kan delta aktivt i kultur- og fritidsaktivitetar. Satsingsområdet har som mål at:

“Askvoll skal vere eit inkluderande og mangfaldig samfunn med gode møteplassar”, og vidare att:

“Askvoll skal vere eit helsefremjande samfunn med små skilnader i levekår”.

For å nå desse måla er det i samfunnsdelen vedtatt fleire strategiar. Strategiane som er særleg relevant for kommunedelplanen er:

- *Bidra til etablering av innandørs og utandørs møteplassar i sentrumsområda, med særleg fokus på tilbod til born og unge.*
- *Bidra til breidde og mangfald i idretts- og kulturtilbodet.*
- *Styrke frivillig sektor som aktør for eit levande lokalsamfunn.*
- *Arbeide tverrfagleg og prioritere tidleg innsats for å fremje god psykisk og fysisk helse, og livskvalitet for alle.*
- *Ha fokus på fysisk aktivitet og sunne livsvaner i barnehage, skule og omsorgstenester, og legge til rette for auka fysisk aktivitet i idrettsanlegg og nærrområde.*

Satsingsområdet for klima- og miljø har som hovudmål at Askvoll skal møte lokale og globale klima- og miljøutfordringar med berekraftige løysningar. Strategiane under legg føringar for kommunedelplanen:

- *Gjere det attraktivt for innbyggjarane å gå, sykle og køyre kollektiv.*
- *Tilpasse og sikre kommunen mot konsekvensane av klimaendringar og uønska hendingar i planlegging og forvaltning. Bygg, anlegg, infrastruktur og uteområde må ha utforming og materialbruk som er eigna i høve til klimaendringane.*

Dei langsiktige arealstrategiane i samfunnsdelen legg og nokre føringar:

- *Lokalisering av nye bygg og funksjonar skal byggje opp under eksisterande kvalitetar. Offentlege uterom, møteplassar og leike-/rekreasjonsareal skal ha høg kvalitet og variert innhald, slik at dei fremjar fysisk aktivitet og fungerer som samlingsplassar på tvers av generasjonar og funksjonsevne. Uteområda skal vere godt eigna til bruk gjennom heile året.*

3 Generelle utviklingstrekk og utfordringar

3.1 Folketalsutvikling og busettingsmønster

Utvikling i innbyggjartal har betydning for kommunen sine planar på omfang og kvalitet av dei ulike tenestene som skal leverast til innbyggjarane i framtida.

Askvoll kommune hadde 2949 innbyggjarar ved 1. kvartal 2023. Etter ein nedgang i folketalet i perioden fram til 2010 heldt folketalet seg relativt stabilt i perioden mellom 2010 og 2020. I siste fem-årsperiode har folketalet gått ned med over 100 personar. Fødselstala er stabile, men det er stort sett fødselsunderskot. Gjennomsnittsalder blant innbyggjarane er høg. Framskrivingar syner at den skeive alderssamansetnaden vil auke og at det vert fleire eldre sett i høve til personar i yrkesaktiv alder.

Bustadstrukturen i Askvoll består i hovudsak av einebustadar og eit svært spreidd busettingsmønster. 24 % av innbyggjarane bur i tettstad. Kommunen har 18 krinsar og talet på innbyggjarar i krinsane varierer mykje, men endringane frå år til år er ikkje store. Kommunesenteret Askvoll krins har flest innbyggjarar med 678 personar. Berre dei to største krinsane (Askvoll og Holmedal/Bakke) kan syne til folketalesvekst på meir enn 10 personar dei siste 15 åra.

Ferje- og busstilbodet er lite frekvent og kollektivtilbod står i stadig fare for å bli redusert. Det er ressurskrevjande å oppretthalde standard, utbetre og vedlikehalde vegane. Samstundes er trygge og gode vegar og gang- og sykkelvegane viktig for å auke attraktiviteten til sykling, gonge og kollektivtransport.

Kommunane i Vestland kan forvente at del eldre over 80 år aukar kraftig fram mot 2050. Prognosane for aldersgruppa 0-17 år er meir usikker, men ein vil truleg sjå ein liten nedgang i folketal i den yngste aldersgruppa i åra som kjem. Framskrivingane til Statistisk sentralbyrå syner at folketalet i Askvoll kommune er venta å gå vidare ned, men det er usikkerheit knytt til tala. Det som er sannsynleg, er at folketalet vil gå ned og at tal eldre over 80 år vil auke.

3.2 Inkludering i samfunnet og integrering av flyktingar

Integrering refererer til enkeltpersonar eller grupper blir ein del av eit samfunn både når det gjeld tilflyttarar og innvandrarar.

Flyktingtenesta i Askvoll har ansvaret for å busetje, praktisk hjelp og rettleiing for innvandrarar i lokalsamfunnet som ein del av integreringsprosessen. I tillegg har dei ansvar for oppfølging av introduksjonsprogram i samsvar med integreringslova og etablering.

Eit mål for Askvoll kommune må vere at desse nytilflytta vert buande i Askvoll kommune. For å få dette til må ein ha ein god plan på integrering og inkludering i samfunnet.

Kulturskule kan nyttast som inkludering- og integreringsarena i samarbeid med barnehage, skule, kulturaktørar og dei frivillige. Kunst og kultur kan bidra til å skape ein tilhøyrse – mange av dei tilflyttande er oppteken av kultur.

Det er viktig at det vert laga sosiale møteplassar og samankomstar som fremjar møtepunkt mellom nytilflytta og lokalbefolkning. Lag og organisasjonar er ein viktig støttespelar i dette arbeidet.

3.3 Folkehelse og levekår i Askvoll

Folkehelsa i Askvoll er i hovudsak god. I følgje folkehelseprofilen er helsetilstanden i befolkninga generelt lik eller betre enn landsgjennomsnittet. Datamaterialet syner at det er gode oppvekst- og levekårsforhold i kommunen. Få born og unge veks opp i familiar med låg inntekt, bur trøngt eller er

born av einslege forsørgjarar. Askvoll er ein kommune med relativt låge økonomiske skilnader i befolkninga. Dette er eit viktig fortrinn, og ei hovudmålsetting i folkehelsearbeidet.

Men som i resten av landet, aukar dei økonomiske skilnadene. Talet på born frå hushald med vedvarande låg inntekt har vakse. Helse og deltaking i samfunnet er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap. Å jobbe for at alle har like moglegheiter til å delta er grunnleggande for å utjamne sosial ulikskap.

Forventa levealder er høg og dei fleste av innbyggjarane er nøgde med helsa si. Askvoll har relativt få personar som slit med psykiske symptom- og lidingar og muskel- og skjelettlidningar. Askvoll har også relativt få personar som treng stønad til livsopphald og svært få som ikkje er i arbeid. Det kan likevel sjå ut som det vert fleire innbyggjarar med utfordringar knytt til eiga psykisk helse. Einsemnd vert opplevd hjå fleire unge. Psykisk uhelse skapar store helse- og samfunnsutfordringar. Ein må ha fokus på folk sine føresetnader, og fremje meistring, tilhøyrse, utvikling, vekst, mening og positive relasjonar i utvikling av kommunale tiltak.

Befolkninga er og mindre fysisk aktiv enn tidlegare og delen overvektige aukar. Det ligg eit stort potensiale i å auke fysisk aktivitet i befolkninga. Dette gjev betre helse og førebygger sjukdom hos den enkelte, som igjen er av samfunnsøkonomisk interesse.

3.4 Fysisk aktivitet i Askvoll kommune

Fysisk aktivitet er viktig for helse, trivsel og velvære, i tillegg til at det kan redusere førekomst av ei rekke sjukdommar og plager. Fysisk aktivitet kan gje eit betre sjølvbilde, betre sosial tilpassing, auka tru på eiga meistring og trivsel. I tillegg er fysisk aktivitet viktig for læring. Nasjonale anbefalingar legg opp til at det ikkje er så viktig kor aktiv ein er, men at det er viktig å ikkje vere inaktiv.

Helse Norge anbefaler alle vaksne og eldre å være moderat fysisk aktive i minst 150 minutt i løpet av veka³. Det er eit stort potensiale for auka fysisk aktivitet i det å gå på fritida, gjennom daglege gjeremål og reise til og frå arbeid, skule og fritidsaktivitetar. Medan dei fleste born i Norge oppfyller råda om fysisk aktivitet, gjeld dette berre for halvparten av ungdom, og blant dei vaksne er det berre rundt ein av tre som oppfyller råda. Sidan vi i tillegg stadig bruker meir tid på stillesittande aktivitetar aukar dette risiko for fleire folkesjukdommar og for tidleg død. Majoriteten av befolkninga sit no i ro så mykje av kvardagen at dei bør ha "dobbel dose", noko som vil seie 300 minutt fysisk aktivitet kvar veke, for å kompensere for dei negative helseeffektane.

I folkehelseundersøkinga i Vestland 2022 kjem det fram at berre 1 av 4 (24,7 %) innbyggjarar over 18 år er fysisk aktive minst 30 minutt med moderat aktivitet fire eller fleire dagar i veka. Blant både kvinner og menn stig andelen fysisk aktive med aukande utdanning⁴.

Statistikkgrunnlaget for fysisk aktivitet blant born og unge i Sogn og Fjordane er lite og resultatata varierer frå år til år og mellom kommunane. På landsbasis oppfyller omlag 80 til 90 % av born i barneskulealder tilrådingane om å vere fysisk aktive dagleg i over 60 minutt. Halvparten av 15-åringane oppfyller tilrådingane. Det er noko forskjell mellom gutar og jenter i borne- og ungdomsskulealder kor gutar er jamt over meir aktive⁵.

³ Helsedirektoratet – [Fysisk aktivitet i forebygging og behandling. Generelle råd.](#)

⁴ Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022


⁵ FHI – Folkehelse rapporten. [Fysisk aktivitet i Norge](#)

3.4.1 Aktivitetsmønster

Ulike grupper av befolkninga brukar ulike typar anlegg og er aktive på ulike måtar. Friluftsområde er dei viktigaste arenaene for idrett og fysisk aktivitet blant vaksne. For born er det idrettsanlegg og nærmiljøanlegg, medan for familiar er det nærturterreng som nyttast mest. Denne planen skal prioritere tiltak på tvers av fagområda kultur, idrett og friluftsliv. For å kunne prioritere tiltak opp mot kvarandre er det viktig å sjå innspel, anleggsdekning og bruken i samanheng. Statistisk sentralbyrå (SSB) sine levekårsundersøkingar gjev eit innblikk i korleis nordmenn flest utøver fysisk aktivitet. Sjå figur 1

Deltaking på aktivitetar vil variere med kommunen sine tilbod og miljø. Lavekårsundersøkingar syner kor viktig tilgang til anlegg og områder er for sjølvorganisert fysisk aktivitet. Samanlikna med tidlegare målingar, er aktivitetsnivået i befolkninga høgre enn før, men samtidig er kvardagen for mange prega av mykje stillesitting og om lag ein av ti trenar aldri.

For kommunen vil det vere viktig med en tverrfagleg tilnærming til denne utfordringa. I tråd med samfunnsdelen bør det leggst til rette og oppmuntrast til grøn mobilitet, kvardagsaktivitet, haldningsskapande arbeid og tilgjengeleggjering av anlegg og områder som innbyr til at befolkninga kan vere i aktivitet når det passar dei best.



Figur 1. Syner prosentvis deltaking i friluft- og treningsaktivitetar på landsbasis årleg. SSB levekårsundersøking 2021.

Organisert fritid

Organiserte fritidsaktivitetar er viktige arenaer for samvær med andre unge og gjev andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen og meir uformelle situasjonar. Ungdataundersøkinga i 2021 syner at 69 % av elevane i ungdomsskulealder i Askvoll deltar i organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar. Det er

høgare enn snitt for landet på 64 %. Det er idretten som organiserer klart flest, og Ungdata syner at 59 % trenar eller konkurrerer i eit idrettslag⁶.

Lokalmiljøet

Tilbodet av organisasjonar, fritids- og kulturtilbod påverkar korleis kvar enkelt kan utfalde seg, og bidreg samstundes til å skape identitet og tilhøyrse i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet vil òg prege utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt.

Ungdata viser at ungdommar flest er ganske fornøgd eller særst godt nøgde med lokalmiljøet sitt. Men det finst òg dei som ikkje er så godt nøgde. 66 % seier at dei er fornøgd med tilbodet til ungdom når det gjeld idrettsanlegg, og 71 % av elevane er nøgde med lokalmiljøet der dei bur. Når det gjeld lokale der ein kan treffe andre unge på fritida svarer 36 % av dette er dårleg eller nokså dårleg i området dei bur. Kulturtilbodet til unge kjem òg litt svakare ut, og her svarar 45 % at dette er nokså dårleg eller dårleg der dei bur.

3.4.2 Barrierar for deltaking

I levekårsundersøkinga til SSB vert helseårsaker oppgjeve som vanlegaste årsak til kva som hindrar ein i å trene. 29 prosent svarer at dei er heilt eller delvis einig i at helse avgrensar moglegheitene deira til å trene. Nesten like mange, 27 prosent, svarar at dei har for lite tid til å trene. 16 prosent svarar at det er for dyrt å trene.

Born og unge frå familiar med minst ressursar deltar mindre regelmessig i organiserte fritidsaktivitetar enn born og unge frå familiar med mest ressursar. Det er spesielt tydeleg for aktivitetar i regi av idrettslag, men òg når det gjelder kultur- og andre fritidsaktivitetar. Undersøkingar viser at det råkar jenter i noko større grad enn gutar, og deltakinga vert mindre etter kvart som borna blir eldre.

Utanforskap og einsemd er ein trussel mot fellesskapet. Å få ta del og oppleve å vere ein del av lokalsamfunnet ein høyrer til er ein viktig føresetnad for å lykkast vidare i livet. Samfunnsdelen til Askvoll kommune har som mål at alle innbyggjarar skal ha moglegheit til å delta likeverdig og aktivt i samfunnet og i utviklinga av det. Lokalsamfunnet må legge til rette for at alle uansett alder, funksjonsevne og økonomi har gode møteplassar og kan delta aktivt i kultur- og fritidsaktivitetar. Reduserte skilnader i levekår vil sikre innbyggjarane like moglegheiter, motverke utanforskap og fremje god folkehelse.

Det er ei rekke tiltak som kan settast i verk for å hindre utanforskap og sørge for deltaking. Kommunen har allereie transport,- og kontingentsstøtteordningar og gratis utlån av utstyr gjennom BUA. Dette er døme på tiltak som kan styrkast for å sørge for at alle skal med.

3.4.3 Fråfall i organisert idrett

Heile 75 prosent av dei mellom 13 og 18 år er med i eit idrettslag i løpet av ungdomstida. Men mange sluttar i løpet av ungdomstida og nær seks av ti sluttar før 17–18-årsalderen. Resultata syner at jentene sluttar tidlegare i idrettslaga enn gutane. Det er ikkje nødvendigvis eit problem at unge sluttar med organisert idrett sidan dei i ungdomstida får mange nye interesser og det er naturleg at mange vel andre måtar å vere fysisk aktive på. Men dei sosiale skeivheitene i fråfallet er eit problem og studiar syner at unge frå høgare samfunnslag blir verande lenger i idretten enn unge frå lågare sosiale lag.

⁶ Ungdata 2021. <https://www.ungdata.no/rapporter/>

I ungdomsåra stig også krava til prestasjonar i idretten. Ein del klarer ikkje å henge med, medan andre ikkje ynskjer å trene så mykje. I eit folkehelseperspektiv er det problematisk at mange av dei som droppar idrett heilt, sluttar å trene eller blir mykje mindre aktive. To av ti av dei som sluttar i idrettslag i ungdomsårene, sluttar heilt å trene.

Ungdom med innvandrarbakgrunn er klart underrepresentert i ungdomsidretten. Når dei først er med, er fråfallet omtrent på same nivå som ungdom med norskfødde foreldre. Blant jenter med innvandrarbakgrunn er skilnadene likevel store. Samanlikna med jenter med norskfødde foreldre, har dei 27 prosent lågare deltaking i organisert idrett. Blant gutane er denne skilnaden 9 prosent.

3.4.4 Tiltak for auka fysisk aktivitet

Det manglar i dag god kunnskap om korleis vi bør gå fram for å auke aktivitetslysta og aktivitetsnivået, særleg hjå dei som er lite aktive, men både befolkningsretta og individretta tiltak kan hjelpe. Eit av dei befolkningsretta tiltaka er å gjere det enklare for alle å vere fysisk aktive. Dette kan ein gjere ved å legge til rette for å skape gode aktivitets- og gå-venlege bu- og nærmiljø, meir fysisk aktivitet i skulen, etablere trygge sykkel- og gangveier og ta vare på område som er under press, til dømes leikeområde, grøntområde, parkar, og stiar nær der folk bur. Døme på individretta tiltak er rådgeving, trening og andre tiltak som er retta mot enkeltpersonar.

Gjennom å legge til rette for organisert og eigenorganisert fysisk aktivitet, samt skape gode sosiale møteplassar, kan ein betre helsa. Tilrettelegging, merking, skilting og gradering av stiar og turruter senker terskelen for å delta i friluftsliv, kan auke naturopplevingane og bidra til sikkerheit og trygg ferdsel. Får ein personar som til vanleg har eit lågt aktivitetsnivå til å gå i nærområdet er helseeffekten stor.

3.5 Frivillige lag og organisasjonar – samarbeid med kommunen

Frivillige organisasjonar representerer eit mangfaldig ressursgrunnlag med ulike ferdigheiter og gjev eit utvida nettverk. Samarbeid med frivillige gjev kommunen tilgang til ekstra ressursar som kan styrke lokale tiltak og prosjekt. Frivillige har ofte djup kunnskap og innsikt om lokale behov og utfordringar.

I Askvoll har dugnadsanda alltid stått sterkt og det vert gjort ein uvurderleg dugnadsinnsats innanfor både kultur, idrett og friluftsliv. Det er viktig å anerkjenne denne innsatsen og ha eit godt samarbeid med frivillige for å auke deltaking og engasjement i kultur-, idretts- og friluftaktivitetar, noko som skapar fellesskapskjensle og eit inkluderande lokalsamfunn.

Det er mange lag og foreiningar i Askvoll og det kan vere utfordrande å få ei oversikt på kva som skjer og kva tilbod alle laga har. Det er oppretta ein foreiningsportal der alle lag er invitert og oppmoda om å legge inn arrangement for å synleggjere sine tilbod og aktivitetar med kontaktinformasjon. I same portal er det ein aktivitetskalender der alle lag kan legge inn aktivitetar og hendingar som vert arrangert. Denne aktivitetskalenderen er ei viktig brikke i å få ut informasjon om arrangement i Askvoll.

4 Temaområder

4.1 Kultur

Kulturlova (2007) «Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremje og leggje til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk»⁷

Kultur gjev innbyggjarar i Askvoll livskvalitet og tilhørslse. Den bidrar til at innbyggjarar møter kvarandre, har meistringsopplevingar i kvardagen og til at ein har ei forankring til lokalsamfunnet.

Eit av satsingsområda i Kommuneplanens samfunnsdelen er befolkningsutvikling. Eit rikt kulturliv, med kulturarrangement, festivalar, teater, musikk og liknande, kan gjera ein kommune meir attraktiv å bu i. Det kan skapa eit levande og dynamisk lokalsamfunn som tiltrekker seg både unge og eldre innbyggjarar. Kulturaktivitetar og profesjonelle kulturmiljø kan støtta den lokale økonomien ved å dra til seg turistar og skapa eit marknad for lokale handverkarar, kunstnarar og kulturelle bedrifter. Dette kan ha positive ringverknader på arbeidsplassar og næringsliv i kommunen.

For å nyttiggjera seg av desse potensielle fordelane, er det viktig at ein kommune satsar på å utvikla og støtta kulturelle aktivitetar, fasilitetar og organisasjonar. Dette kan gjerast gjennom planlegging, investeringar og samarbeid med kulturelle aktørar.

4.1.1 Status kultur i Askvoll

På kulturfeltet skildrar denne planen tenestene kulturskule, kulturmidlar, folkebibliotek, bygdekino, den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken, frivilligsentral mm.

Kulturskule

I Askvoll kommune får born, unge og vaksne høve til å utfolde seg kreativt på mange områder innanfor musikk, teater, kunst og dans. Det vert undervisa både individuelt og i grupper.

Undervisning er desentralisert og vert gjeve der det er elevar.

Kulturskulen er samordna med nabokommunane Hyllestad og Fjaler via ein felles kulturskulerektor. Samarbeidet styrker det kulturelle tilbodet i regionen. I rammeplanen for kulturskulen er formålet definert som «Kulturskulen skal gje opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle born og unge som ynskjer det. Føremålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk».

Kulturskulen tilbyr undervisning for born i grunnskulealder over heile Askvoll. Dette sikrar tilgang og deltaking frå alle kantar av kommunen. Kulturskulen legg opp til ulike framsyningar rundt om i kommunen. Med fokus på breidde og mangfald tilbyr ein undervisning innanfor dans, visuelle kunstfag og musikk. Dette speglar skulen si forplikting mot å dekkje ulike aspekt av kulturfeltet.

Ut over det tradisjonelle undervisningstilbodet tilbyr Askvoll kulturskule musikkterapienester. Dette inkluderer tenester retta mot helseinstitusjonar og ulike grunnskular, og understrekar skulen si breidde og samfunnsengasjement.

UKM (Ung Kultur Møtes)

Som ein viktig aktør innanfor ungdomskulturfeltet har Askvoll Kulturskule ansvaret for UKM, der ungdom frå regionen får høve til å møtast, uttrykkje seg kreativt og delta på tvers av kunstformer. UKM er eit nasjonalt kulturarrangement der ungdom kan delta og gjere det aller meste

⁷ Kulturlova(2007)

som har med kultur å gjere, kultur er ikkje berre song og dans. UKM har i tillegg kurs og arbeidsverkstad der ein kan lære masse forskjellig. UKM arrangerer mellom anna Norcup kvart år som er ei e-sport-turnering.

Askvoll har lokalmønstring saman med Hyllestad og Fjaler. Utøvarar kan derifrå gå vidare til regionale arrangement / fylkesarrangement. Her kan ein bli vald ut til å representere fylket på UKM festivalen.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som sørgjer for at alle skuleelevar i Noreg får oppleve profesjonell kunst og kultur kvart år. Ordninga er unik i verdssamanheng, og er administrert av fylkeskommunen der Askvoll kommune kan søkje om midlar. I Askvoll kommune er den kulturelle skulesekken organisert under kulturskulerektor.

Kulturskulerektor administrerer ordninga og bidreg til DKS ved å organisere og gjennomføre eigne turnear. Dette inneber at kunstnarar og kulturarbeidarar blir inviterte til skulen, eller at skulen sjølv organiserer kunst- og kulturarrangement. I tillegg har grunnskulane i området moglegheita til å søkje om økonomisk støtte frå DKS for å gjennomføre ulike kulturelle tiltak og prosjekt. Dette utvidar det kulturelle tilbodet ytterlegare og sikrar at kulturskulen fungerer som ein sentral ressurs for både undervisning og tilrettelegging av kulturelle opplevingar i skulesektoren.

Askvoll bibliotek

Askvoll kommune har eigen bibliotekplan som er vedteken nov. 2020. Askvoll bibliotek har mellombels lokale i Askvoll sentrum i det gamle «bankbygget». Biblioteket har eit breitt utval av bøker, lydbøker, e-bøker, filmar, aviser og tidsskrift til utlån og skaffar materiale frå andre bibliotek på førespurnad. Biblioteket er ope 3-4 dagar i veka og ope for alle. Her kan ein nytte gratis trådløs internett, publikums-pc og få rettleiing. Biblioteket arrangerer jamlege arrangement som t.d. litteraturkveldar, bokbad, debattar og anna.

Askvoll bibliotek har opphavelig lokale ved Askvoll skule og fungerer som kombinasjonsbibliotek, grunna problem med desse lokala er biblioteket flytta ned i sentrum. Tal besøkande til folkebiblioteket har auka som ein følgje av sentrumsnær plassering og lokalet vert brukt som sosial møteplass.



Foto: Askvoll kommune

Frivilligsentral

Askvoll frivilligsentral held til i Sentrumsgarden i Askvoll sentrum. Nærmiljøsentralen vart oppretta i 1991 og endra namn og virke til Frivilligsentral i 2023. Frivilligsentralen har éin tilsett leiari på heiltid. Frivilligsentralen har eige styre som rådgjevande organ og består av lokal politisk representant og representantar frå lag og organisasjonar i kommunen.

Askvoll Frivilligsentral arbeider med følgjande: Synleggjere Frivilligsentralen som ein ressurs og stimulere til frivillig arbeid, utvikle møteplassar, legge til rette for kulturtilbod, koordinere og informere i høve aktivitetar og arrangement, ansvarleg for gjenbruksbutikken «Gratisbutikk», samarbeide i høve integrering og inkludering med språkkafé, administrere og drifte utstyrssentralen BUA, administrere matombringning til heimebuande i kommunen, koordinere frivillig

innsats/aktivitetar på omsorgssenteret og generelt i kommunen i samarbeid med lokale lag, organisasjonar og kommunale etatar, og administrere volontørtenesta prosjekta frå EU.

Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken er ei ordning der kommunane kan søkje om tilskot til profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa eldre. Spaserstokken skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultur- og omsorgssektoren.⁸ Det vert søkt midlar til kulturell variasjon og ein støttar lokale artistar i tillegg til nasjonale artistar. Ein ser stort behov for å ha ein slik aktiv møteplass og kulturelt tilbod og det vert satt stor pris på av brukarane.

Festivalar i kommunen

Dugnadsånda i kommunen har stått sterkt i fleire generasjonar og det har vore arrangert fleire typar festivalar i dei forskjellige grendene. Festivalar er eit viktig tilskot til kulturlivet i Askvoll og bidrar til integrering, auka fellesskapskjensle og er ein viktig uformell møteplass. Festivalane er òg med på å setje Askvoll på kartet med tanke på turisme og omdømme.

Dei to største festivalane med lengst fartstid er:

Skjergardstreffet vert arrangert i Askvoll sentrum. Her er det aktivitetar på dagtid for born og vaksne med mellom anna veteranbilløp, matservering og dans / underhaldning på kveldstid.

Krabbefestivalen på Herland, Atløy har vore arrangert sidan 2008 og er primært ein matfestival med sjømat i fokus. Her får ein kjøpt god sjømat til ein rimeleg penge. Det er aktivitetar for born og vaksne på dagtid og underhaldning og dans på kveldstid.

Andre festivalar som har vore arrangert i kommune: Holkerock, Nordsjøporthelga, Værlandia, Stongfjordveka (2023), Dalsfjordveka (samarbeid med Fjaler og Sunnfjord), Påske- og julejam.



Krabbefestivalen på Atløy har fleire ulike aktivitetar. Foto: Sandra Kråkenes

Bygdekino

Det er to bygdekinoar i Askvoll, ein i Værlandet og ein på Atløy.

⁸ Vestland Fylkeskommune, <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturformidling/den-kulturelle-spaserstokken/>

«Bygdekinoen er eit enkelt og lett tilgjengeleg kulturtilbod til folk der dei bur. Det einaste som trengs, er eit eigna lokale».⁹ Tal besøkande på bygdekinoen har vore gode. Det er ingen kommunale støtteordningar som er retta mot bygdekinoen. Bygdekino er eit døme på at desentraliserte tilbod som er viktig å oppretthalde.

Fritidsklubb, juniorklubb, ungdomsklubb

I Askvoll vert det arrangert juniorklubb og fritidsklubb for ungdomar i kommunen. Det er for tida fritidsklubb i Askvoll og på Værlandet/Bulandet. Det vert jobba med å opne tilbod andre stader i kommunen. Fritidsklubbane har ope 1 til 2 gonger i månaden. Ungdomsrådet i Askvoll forvaltar ei kommunal støtteordning som kan løyve midlar til frivillige ungdomsklubbar éin gong i året. Midlane vert tildelt etter søknad og ut frå tal arrangement og deltakartal. Fritidsklubbar er viktige sosiale og kulturelle møteplassar som ein ynskjer å styrke.

Kulturarrangement i Askvoll

Ein stor del av kulturlivet i Askvoll kjem får tilfeldige arrangement i løpet av året. Det er mange aktørar som arrangerer kulturarrangement i Askvoll. Slike arrangement har ofte låg terskel for deltaking, held høg kulturell kvalitet og fungerer som ein viktig sosial møteplass. Det er viktig å støtte opp om desse tilfeldige arrangementa for å halde liv i kulturlivet i Askvoll.

Kulturminne og kulturvern vert omhandla i kulturminneplan for Askvoll.

Kulturminneplanen vart vedtatt i 2018 famnar om dei viktigaste kulturminna i kommunen. Planen er eit verktøy for forvaltninga av kulturminna og eit hjelpemiddel for å prioritere mellom dei forskjellige kulturminna og i kunnskapsformidlinga av desse. Det er utarbeidd retningslinjer for kulturminnemidlar og det har vore sett av 25 000 kr til bygdemusea og 75 000 kr til rehabiliteringstiltak for kulturminne kvart år.

Ein viktig bidragsytar til det immaterielle kulturminnearbeidet i Askvoll er den kommunale sogemnda, som har gjeve ut årlege sogehefte.

Kunst i det offentlege rom og profesjonelle aktørar.

I Askvoll har vi fleire døme på uterom med kunstinstallasjonar som vert sett som viktige møteplassar og landemerke. Kunst i det offentlege rom er med å forme og styrke identiteten til ein stad og gje ei kjensle av tilhørslse.

Dei profesjonelle aktørane i Askvoll innan kunst- og kultursektoren er viktige ressursar for kunstformidling, økonomisk utvikling og bidrar til å utforme Askvollsamfunnet. Kunstnarar, galleri, og kulturelle arrangement tiltrekk seg publikum, investeringar og skapar arbeidsplassar. Det er viktig synleggjere dei profesjonelle aktørane og skape eit samarbeid med gjensidig utbytte på kulturområdet.




Foto: Torgunn Kvellestad

⁹ Bygdekinoen, <https://www.bygdekinoen.no/om>

4.1.2 Kulturanlegg i Askvoll

Lokale kulturhus og grendahus

Askvoll kommune har ingen (reine) kulturbygg, men nyttar mellom anna skulane til ulike kulturarrangement.

Dei fleste grendene har eigne samlingsstader som er ein viktig samlingsarena og sosial møteplass. Nokre av dei er bygd som ungdomshus / kulturhus og nokre er gamle skulebygg som er overtatt av grenda og omgjort til ein samlingsplass. Nokre av lokala vert nytta i hovudsak til private feiringar og arrangement for grendene, medan andre større hus vert òg nytta til arrangement som famnar om heile kommunen og regionen. Det krev mykje dugnadsarbeid for å halde ved like dei gamle bygga og kunne halde arrangement. Det er lite/ingen kommunale midlar til rådvelde til desse møteplassane. Ei kartlegging av alle kulturbygga i kommune vil bidra til auka kompetanse om kva fasilitetar ein har og korleis ein kan nytte desse betre med å samordne aktivitetar.

4.2 Idrett og fysisk aktivitet

4.2.1 Deltaking i organisert idrett i Askvoll

Gjennom deltaking i organisert idrett kan folk oppleve tilhøyrslø og samhald og det er ein arena for integrering. Deltaking i organisert idrett i borne- og ungdomsalder legg og grunnlag for å ha ein aktiv livsstil resten av livet. I tabellane under går det fram tal medlemmar og aktivitetstal i dei ulike idrettane i Askvoll.

Medlemstal idrettslaga i Askvoll kommune														
Kjønn	Aldersgruppe	Kvinne					Mann							
		0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Total	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Total	Total
Askvoll Idrettsråd	Total	4	119	91	17	180	411	12	136	113	30	218	509	920
	Askvoll Leirdueklubb	0	0	1	1	3	5	0	0	1	2	16	19	24
	Askvoll og Holmedal Idrettslag	3	80	61	4	37	185	8	98	87	13	43	249	434
	Askvoll Pistolklubb	0	0	0	0	1	1	0	0	0	3	27	30	31
	Atløy Idrettslag	0	19	14	8	59	100	2	21	15	6	53	97	197
	Bulandet Idrettslag	0	3	8	3	48	62	0	3	4	1	49	57	119
	Kvammen Idrettslag	0	10	0	0	2	12	0	10	0	0	4	14	26
	Værlandet Idrettslag	1	7	7	1	30	46	2	4	6	5	26	43	89

Aktivitetstal i særiddrettane i Askvoll kommune														
Kjønn	Aldersgruppe	Kvinne					Mann							
		0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Total	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Total	Total
Særforbundslinja - Særforbund	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet	Aktivitet
Norges Fotballforbund	0	76	98	1	19	194	0	92	105	13	43	253	447	
Norges Friidrettsforbund	0	0	1	0	9	10	0	2	0	0	6	8	18	
Norges Håndballforbund	0	50	13	0	2	65	0	34	19	0	1	54	119	
Norges Orienteringsforbund	0	0	2	0	9	11	0	0	1	0	8	9	20	
Norges Padleforbund	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Norges Skiforbund	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Norges Skytterforbund	0	0	1	1	2	4	0	0	1	3	32	36	40	
Norges Volleyballforbund	0	0	0	0	1	1	0	0	1	0	5	6	7	
Total	0	126	115	2	42	285	0	128	127	16	95	366	651	

Tabell 2: Oversikt over aktivitetstal og medlemstal i idrettslaga 2022.

Det er stor og brei aktivitet i idrettslaga og kommunen har sju idrettslag som er knytt til Noregs Idrettsforbund. Vidare er det eitt lag som er knytt til Norges Jeger- og Fiskeriforbund, og to skyttarlag som er knytt til Det frivillig Skyttarvesen. Gjennom idrettslaga er det mange aktivitetar å delta på, særleg for barn og unge; fotball, handball, volleyball, badminton, symjing, dans og barneidrett for å

nemne nokre. Fleirtalet av dei som er aktive i idrettslaga i kommunen har fotball og/eller handball som sin aktivitet.

4.2.2 Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg

Ordinære anlegg er anlegg som i hovudsak er knytt til konkurranse- og treningsverksemd for organisert idrett og aktivitet. Dei tekniske krava knytt til mål og utforming av anlegga tar utgangspunkt i konkurransereglane til dei enkelt særforbunda.

Nærmiljøanlegg er eit utandørs anlegg eller område for eigenorganisert idrett eller annan fysisk aktivitet som ligger i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområder. Nærmiljøanlegg kan unntaksvis brukast til organisert fysisk aktivitet og skal ikkje ivareta den organiserte aktivitetens behov på fast basis.



Askvollhallen stod ferdig i 1999 og ligg attmed Askvoll skule, symjehallen og skuleidrettsplassen. Foto: Kurt Rutledal

Nærmiljøanlegg ivareteke spesielt born og unge som ikkje deltar i organiserte aktivitetar, men fleire anleggstypar nyttast også mykje av vaksne, f.eks. trimpark.

4.2.3 Oversikt og drift av idretts- og nærmiljøanlegg

Anlegg	Avtale
Askvollhallen	AHIL har leigeavtale med kommunen.
Symjebasseng Askvoll skule	Askvoll kommune driftar anlegget.
Kunstgrasbana ved Askvoll skule	Utgått avtale – må fornyast.
Friidrettsanlegg Askvoll skule	Ingen avtale.
Ballbinge ved Askvoll skule	Askvoll kommune driftar anlegget.
Klatrepark på Øyra	Askvoll kommune driftar anlegget.
Bøparken i Askvoll sentrum	Askvoll kommune driftar anlegget.
Ballbinge ved Gjelsvik skule	Askvoll kommune v/Gjelsvik skule er anleggseigar. Det er ikkje formalisert noko samarbeidsavtale med velforeininga om drift av anlegget.

Ballbinge ved Atløy skule	Askvoll kommune v/Atløy skule eig anlegget, og har ansvar for drift og vedlikehald. Atløy IL eig eiegenomen gbnr. 51/28, og det ligg føre ei tinglyst avtale om rett til bruk av grunnen.
Kunstgrasbane, skatepark m.m. ved Atløy stadion	Idrettslaget driftar anlegget sjølv.
Nykshytta	Askvoll kommune eig dagsturhytta. Samarbeidsavtale med Holmedal Vel angående dugnad knytt til hytta.
Ballbinge Holmedal Montessoriskule	
Ballbinge Værlandet	
Ballbinge Bulandet	
Tennisbane Stongfjorden	
Hilvang (Holmedal)	

Tabell 3: Oversikt over idretts- og nærmiljøanlegg i Askvoll kommune



Kunstgrasbana på Atløy stadion. Foto: Atløy IL

4.2.4 Krav til spelemiddelsøknader

Når eit anlegg vert bygd eller rehabilitert med tilskot frå spelemidlar, medfører det forplikningar. Det er m.a. plikt om å drifte og å halde ved like anlegget i 30 år frå dato for ferdigstilling, eventuelt 10 år for nærmiljøanlegg.

Jf. Kulturdepartementet sine føresegner om spelemidlar skal ein søknad oppfylle følgjande krav:

- Behovsvurdering
- Detaljert kostnadsoverslag
- Dokumentasjon på dei ulike delane av finansieringsplanen for anlegget
- Plan for drift av anlegget
- Rett til bruk av grunn
- Universelt utforma
- Anlegget må vere del av kommunal plan

4.2.5 Andre aktivitetstilbud i Askvoll

Seniortrening

Kommunen tilbyr alle seniorar trening ein gong i veka. Treninga blir leia av fysioterapeut og ein trenar i gruppe til musikk. Fokus er på styrke, koordinasjon og balanse. Seniortreninga er populær og har ofte 20-25 deltakarar.

Askvoll fysioterapi

Private aktørar i kommunen gjer tilbodet om fysisk aktivitet breiare. På treningscenteret til Askvoll Fysioterapi er det, i tillegg til individuell trening, tilbod om gruppetrening som spinning, Pilates, springegruppe og basistrening bl.a. Dette er eit godt supplement til idrettslaga og gjev tilbod særleg retta mot ungdom og vaksne.

Treningsrom i grendene

Det er fleire treningsrom spreitt rundt i kommunen, dei fleste er stort sett drive på dugnad. Fleire er godt utstyrt med standardapparat, vekter, manualar og kondisjonsapparat. Slike desentraliserte tilbod er eit viktig folkehelseiltak for innbyggjarar som ikkje driv anna organisert idrett eller friluftsliv.

4.2.6 Nye idrettar, trendar og aktivitetsformer

Padeltennis

Padeltennis er ein av dei raskast veksande sportane i Norge og resten av verda. I 2020 var det om lag 30 baner i Norge, medan i utgangen av 2021 var det over 200. Padeltennisbaner kan etablerast både innan- og utandørs. Bana er rektangulær med mål 10m x 20m med nett på midten. Veggane er av herda glas.

E-sport

E-sport er elektronisk konkurransespeling der ein konkurrera mot kvarandre i ulike dataspel på datamaskin eller spelekonsollar. Dette er vorte svært populært og har vakse veldig dei siste åra. I Askvoll har ein førebels ikkje fått etablert e-sport, både på grunn av mangel på lokale og økonomi. Askvoll dataklubb arrangerer årleg påske-LAN i samfunnhuset i Askvoll. Ungdataundersøkinga frå 2021 viser at 15 % av ungdomsskuleelvane deltar i e-sport tre eller fleire gonger i veka.

Frisbeegolf

Frisbeegolf er mykje av det same som golf, men i staden for høl og ball blir det nytta frisbee og kurvar. Ei bane består som oftast av 9 eller 18 høl. På Værlandet er det etablert ei bane med seks høl. I tillegg er det planlagt ei bane på Høgda i Kvammen som er under utarbeiding/prosjektering.

4.2.7 Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet

Kunstgrasdekke Askvoll idrettsbane:

Kunstgrasbana vart etablert i 2009 og det har ikkje vore skifta dekke sidan den gong. Det er difor stor trong for utskifting av eksisterande dekke. Det må innarbeidast i økonomiplan at det bør setjast av finansiering for dette føremålet. Frå 2031 vil det i utgangspunktet ikkje vere mogeleg å kjøpe plastholdig gummigranulat, og ein bør difor sjå på alternativ til dette i forbindelse med utskifting av dekke.

Garderobeanlegg v/symjehallen:

Det er trong for å utbetre garderobeanlegga knytt til symjehallen, og det er gjort ei vurdering av tiltak som bør gjennomførast. Etter gjennomgang vart det konkludert at omfanget ville bli ein god del større enn tidlegare tildelt ramme. Dette er eit prosjekt som vil innehalde fleire element, men i samband med denne planen er det garderobe knytt til symjeanlegg som er relevant.

4.3 Friluftsliv

Friluftsliv er ein viktig del av norsk identitet og kulturarv, og kombinasjonen av fysisk aktivitet og naturoppleving gjer at det har ein unik verdi. Kombinasjonen fysisk aktivitet og naturoppleving gjev gode helseeffektar og friluftsliv er ei viktig kjelde til livskvalitet, både fysisk og psykisk helse.

4.3.1 Status friluftsliv

Friluftsliv i Askvoll

Askvoll har eit godt utgangspunkt med vakre naturomgjevnader. Friluftsliv kan sjåast i samanheng med kulturminne, jakt, fiske og andre naturopplevingar.

Friluftsliv er den forma for fysisk aktivitet der sosiale forskjellar i minst grad gjer seg gjeldande. Det er difor viktig å satse på lågterskel friluftsliv i nærområde og nabolag for å styrke denne utjamninga av sosiale forskjellar innan deltaking i fysisk aktivitet.

Det vert gjort ein stor dugnadsjobb i grendene på merking, vedlikehald og tilrettelegging av turstiar for innbyggjarane.



Hovden på Atløy. Foto: Marion Svellingen Mjåseth.

Ved å synleggjere tur- og aktivitetsmoglegheiter der folk bur vil ein senke terskel for deltaking og auke folkehelsa.

Det er òg viktig å legge til rette for eit universelt utforma friluftsliv der alle kan delta uavhengig av funksjonsevne. Ein kan t.d. etablere benkar og toalett, universell utforming av ferdselsårer, skilting og belysning langs gang- og sykkelveggar.

Kommunens mynde og ansvar

Innanfor friluftsliv har kommunen ansvar og mynde innanfor fylgjande tema:

Allemannsretten¹⁰

- Regulere ferdsel i utmark, innmark og i visse friluftsområde
- Fjerne ulovlege skilt, gjerder og andre stengsel
- Gje uttale til tvilsspørsmål om allemannsretten

Friluftsområde

- Forvalte statleg sikra friluftsområde Tviberg
- Utarbeide tiltaksplanar som grunnlag for søknad om midlar til m.a. skjøtsel og tiltak

Friluftsliv som omsyn i arealplanlegging

- Utvikle og ivareta friluftsområde - arealplanlegging.
Grøne områder svært nær busetnad er heilt klart det som vert mest brukt av born og unge. Men desse nærområda er òg viktig for vaksne og eldre for å få ein jamleg naturkontakt.

Fjordane Friluftsråd

Fjordane Friluftsråd er ein interkommunal organisasjon starta opp i 2017, med Askvoll, Bremanger, Kinn, Solund, Stad og Stryn som medlemskommunar.

Arbeidet skal bygge på at det er eit samarbeidsorgan forankra i kommunane og fylket. Ein arbeider hovudsakeleg med planlegging, gjennomføring, organisering, og førebyggjande arbeid opp imot marin forsøpling. I tillegg vil ein òg samarbeide med offentlege og private aktørar, for å bidra med tilrettelegging for lågterskel friluftsliv. (fjordanefr.no)

Organisasjonar

Indre Sunnfjord Turlag (IST) har også mange medlemmer frå Askvoll kommune. IST Barnas turlag og Unggruppa Askvoll er eit svært aktivt lag som driv eit viktig arbeid innanfor friluftsliv ved å skape eit lågterskeltilbod for familiar med born og unge i form av turar i nærområdet og på fjellet gjennom heile året. Turane/aktivitetane er med på å etablere gode vanar hos born og unge, både med tanke på fysisk aktivitet og bruk av naturen. Andre organisasjonar som har friluftsliv i sine arbeidsprogram er Atløy 4H, Sjøstjerna 4H, Nordre Askvoll helselag og Askvoll pensjonistlag.

Friluftslivets ferdselsårer

Miljødirektoratet starta i 2019 opp eit 5-årig prosjekt med føremål om å fremje kartfesting, planlegging og opparbeiding av samanhengande nettverk av ferdselsårer i kommunane. Askvoll kommune starta si kartlegging i 2023. Det overordna målet med prosjektet er å få fleire ut på tur. Då må endå fleire ha tilgang til gode og attraktive ferdselsårer for friluftslivet, gjerne nær der folk bur.

Gjennom ein plan for friluftslivets ferdselsårer vil kommunen betre kunnskapsgrunnlaget og få eit verktøy for å forvalte ferdselsårene på ein meir heilskapleg og berekraftig måte. Planen skal gje ei oversikt over viktige og relevante ferdselsårer for friluftslivet i kommunen i dag og skissere tiltak for å ivareta og utvikla ferdselsårene i tråd med mål som er sett for planarbeidet. Det er og eit mål at kommunane gjennom arbeidet skal oppdatere kartgrunnlaget i kartverket sin turrute-database.

¹⁰ <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/friluftsliv/allemannsretten/>



Høgeheia i Stongfjorden. Foto: Dag Tore Mjåseth.

Ro – og padleruter

Askvoll kommune tar del i det fylkeskommunale prosjektet Ro- og padleruter i Vestland 2022-2026. Gjennom prosjektet skal kommunen mellom anna kartlegge ro- og padleruter, utsetjing- og opptaksplassar og kartfeste informasjon om t.d. parkeringsplassar, telt- og rasteplassar, tilrettelegging og fasilitetar langs padleruta. Rutene skal graderast og det er utvikla ein applikasjon for ruteskilddring og annan informasjon. Målet med prosjektet er å bidra til å auke attraktiviteten av Askvoll som reisemål og padleområde ved å gjere det meir interessant for innbyggjarar og besøkande å oppleve kysten vår frå kajakk, robåt og liknande. I tillegg skal dette bidra til betre folkehelse ved å fremme roing og padling som form for fysisk aktivitet. I prosjektet samarbeider Askvoll kommune med Fjordane Friluftsråd som har ei koordinerande rolle og sikrar samarbeid av ruter som går på tvers av kommunane.

Stolpejakt – det nære friluftslivet

Stolpejakta går ut på å finne stolper sentralt plassert i ulike kommunar. Stolpebesøk kan registrerast på papir, nettsida eller via appen. Dette er eit lågterskeltiltak for å få aktivisere unge og gamle, inaktive og aktive. Stolpejakta skal bidra til auka fysisk aktivitet for folk flest i heile landet. Askvoll har samarbeida med Fjaler om stolpejakt i 2022 og 2023. Ein har søkt om tilskot til å setje opp stolpar rundt i grendene og samarbeidd med dei lokale idretts- og vellaga om å plassere dei ut i terrenget. Mange av stolpane er godt besøkt og det eit godt lågterskeltilskot til friluftslivet i Askvoll.

TiTur Dalsfjorden

Titur Dalsfjorden har vorte arrangert sidan 2017 og er eit samarbeid mellom Askvoll og Fjaler kommune, Indre Sunnfjord turlag og fjelltrimgruppene i Askvoll og Fjaler. Kvart år blir det vald ut fem turområde i kvar av dei to kommunane. TiTuren er ein flott måte å bli kjent med nye turområde og har utvikla seg til eit flott folkehelseiltak.



Padletur i Staveneset. Foto: Gøril Fristad.

Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde

Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde er ei nasjonal satsing i arbeidet med å ivareta og utvikle gode forhold for allmennheitas friluftsliv i nærmiljøet. Målet er bl.a. å sikre friluftsområde for dagens og framtidige brukarar, ivareta og utvikle god tilgang til friluftsområde, ivareta og utvikle tilrettelegging av friluftsliv m.m. Regjeringa har som målsetting at flest mogeleg av Noregs kommunar skal ha kartlagd og verdsett sine viktigaste areal for friluftsliv.

I Askvoll er arbeidet ikkje med kartlegging og verdsetjing av friluftsområde avslutta. Mykje av arbeidet med kartlegging av område er gjennomført, men det manglar noko verdsetjing og områdeskildring.

Friluftslivsanlegg

Eit friluftslivsanlegg er eit område eller struktur som er tilrettelagt for utandørsaktivitetar og friluftsliv. Desse anlegga kan variere i storleik, formål og fasilitetar, men dei har til felles at dei er skapt for å fremje ulike aspekt ved friluftslivet. Friluftslivsanlegg gjev innbyggjarar høve til å oppleve gleda ved naturen og delta i avslappande og rekreasjonsaktivitetar.

I Askvoll finn ein mange slike friluftslivsanlegg som; det kommunalt sikra området ved Øyravatnet, kyrkjebakken friluftsteater, gapahukar, klatreveggar, badeplassar, campingområder, klatreparkar,



Volleyballbana på Øyra er populær om sommaren. Foto: Visit Fjordkysten og Sunnfjord

4.3.2 Jakt, fiske og hausting

Askvoll kommune har rike moglegheiter for jakt, fiske og hausting av naturens ressursar. Kommunen har variert terreng, inkludert skogkledde åsar, fjellområde og eit rikt dyreliv, som gjer det til eit attraktivt område for jakt. Askvoll ligg ved kysten og har eit variert fisketilbod, med god tilgang og mogelegheiter til både sjøfiske og ferskvassfiske. Mange nyttar og moglegheiter for hausting av naturens ressursar, inkludert sopp-plukking og bærplukking. For mange er hausting ein viktig del av friluftslivet.

Det er viktig å merke seg at det kan vere nasjonale og lokale forskrifter, og avgrensingar som gjeld for jakt, fiske og hausting i Askvoll kommune. Det er viktig å følgje desse og respektere miljøet for å oppretthalde berekraftige og sunne økosystem i området.

4.3.3 Statleg sikra friluftsområde

Eit statleg sikra friluftsområde er eit område som staten formelt har godkjent at skal ha denne statusen. Ein kommune eller interkommunalt friluftsråd kan søkje staten om økonomisk stønad til å sikre området for allmennheitas friluftsliv. På den måten kan viktige områder for friluftsliv ivareta og leggast til rette for dagens og framtidige generasjonar.

Askvoll kommune har eit område som er statleg sikra friluftsområde, det er Tviberg på Atløy, området er om lag 1 819.5 daa. Det må lagast skjøtselsplan for friluftsområdet før ein kan setja i gang andre tiltak og prosjekt for friluftsområdet.

4.4 Økonomi og støtteordningar

Økonomi og støtteordningar for kultur, frivillighet, idrett og friluftsliv er avgjerande for å oppretthalde og utvikle livskvaliteten og trivselen i ein kommune. Begrensa økonomiske ressursar krev strategisk planlegging, prioriteringar og effektiv bruk av tilgjengelege midlar. Nokre ordningar som ein kan nemne er:

Kulturmidlar

Det er egne retningslinjer for tildeling av kulturmidlar. Det har vore budsjettert 60 000 kr til kulturmidlar dei siste åra i Askvoll kommune, midlane vert lyst ut vår og haust kvart år. Det er stor

interesse for kulturmidlane og søkemasse har dei siste åra vore om lag det dobbelte av tilskotssum tilgjengeleg. Fordelingane vert prioritert etter retningsliner for kulturmidlar og kriteria for søknad. Arrangement med fokus på born og ungdom vert prioritert.

Ung-i-Askvoll-midlar

Ungdomsrådet i Askvoll har dei siste åra hatt egne midlar til ungdomsarrangement, for og av ungdom. Det har vore tidvis få søknadar på desse midlane, men 2023 har vore eit litt meir aktivt år. Det er vanskeleg å nå ut informasjon til ungdomar om desse midlane. Ein bør vurdere å kunngjere på andre måtar. Ung-i-Askvoll-midlar har egne retningsliner for desse midlane og det er ungdomsrådet som har mynde til å fordele etter søknad eller lage egne arrangement for midlane.

Spelemidlar for kulturbygg

På lik line med idrettsanlegg så har vi ei nasjonal tilskotsordning for kulturbygg. Ordninga er finansiert gjennom spelemiddelordninga og skal bidra til eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd. I Askvoll kommune har Askvoll samfunnshus, Holmedal Ungdomslag og Vidar ungdomslag dei siste åra fått tilskot til rehabilitering av sine respektive kulturbygg. Dersom det er fleire spelemiddelsøknadar pr. år så vert desse prioritert i eiga sak av kommunestyre. Det bør vurderast å ha eit eige handlingsprogram på kulturbygg dersom det vert mange søknadar kvart år.

Lokale transportmidlar - LTU

Fylkeskommunen lyser ut lokale transportmidlar til fritidsaktivitetar der ein ikkje kan nytte vanleg rutetrafiikk. Askvoll kommune v/ ungdomsrådet har søkt om slike midlar dei siste åra og desse har vore brukt til m.a. rusfrie arrangement av russen, heim frå fotballtrening når siste ferja er gått, konfirmasjonssamling, idrettsarrangement i Askvoll hallen på kveld / natt og andre liknande arrangement.

Lokale transportmidlar vert nytta i tråd med retningslinene frå fylkeskommunen og egne retningsliner i Askvoll kommune. Ungdomsrådet har mynde til å søkje om midlar og rapportere bruk av midlar.

Fritidskasse

Det er oppretta ein kommunal fritidskasse i Askvoll kommune. Ordninga skal legge til rette for at alle born og unge får høve til deltaking og inkludering på viktige sosiale arenaer, som fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra si inntekt og sosiale situasjon. Det er eit tiltak som skal vere med på å førebyggje og/eller dempe konsekvensar av fattigdom. Born mellom 5 – 19 år kan søkje om støtte til utstyr, aktivitetar og kontingentutgifter til kultur, idrett og fritidsaktivitetar.



Sentrumshamna i Askvoll. Foto: Steinar Bauge.

5 Mål og strategiar

5.1 Overordna målsetjing

I Askvoll skal kultur, idrett og friluftsliv fremje helse, trivsel og inkludering.

Målsettinga i Askvoll er å styrke lokalsamfunnet gjennom kultur, idrett og friluftsliv for å fremje helse, trivsel og inkludering. Ein ynskjer å byggje levande og helsefremjande lokalsamfunn gjennom mangfaldige kultur-, sport- og naturopplevingar. Dette inneber mellom anna samarbeid, tilrettelegging og støtte for å skape eit inkluderande fellesskap der alle kan delta og trivast. Dette bidrar ikkje berre til eit levande lokalsamfunn, men kan òg styrke folketalsutviklinga, auke bulysta og gjere Askvoll meir attraktivt for tilflyttarar. Gjennom mangfaldige kultur-, idretts- og naturopplevingar ønskjer Askvoll å skape ein berekraftig og inkluderande kommune for alle.

5.2 Mål og strategiar for temaområda

Kultur

Hovudmål: Askvoll skal styrke og fremje kulturelt mangfald og legge til rette for at alle skal få kulturopplevingar.

Målet er å skape eit inkluderande kulturliv i Askvoll, der kunst og kultur er tilgjengeleg og gjer liva til innbyggjarane rikare samtidig som det skal bevare den kulturelle arven til samfunnet. Dette kan bidra til å styrke tilhørsla i lokalsamfunnet og auke livskvaliteten til innbyggjarane. Samarbeid med lokale kulturaktørar og aktiv deltaking frå innbyggjarane vil vere avgjerande for å nå desse måla.

Delmål	Strategi
Auke deltaking og sikre kvalitet på kulturaktivitetar	Samarbeide med lokale kulturorganisasjonar, kunstnarar, skular og andre interessentar for å styrke kulturlivet.
	Vidareutvikle og støtte opp om eksisterande tilbod og støtte opp om nye tilbod.
	Synleggjere eksisterande kultur- og aktivitetstilbod
	Auke deltaking ved å sikre at alle samfunnsgrupper kan delta
	Utvikle og forbetre kulturskulen
Styrke kultur mangfald og lokal identitet	Vidareutvikle biblioteket som formidlingslokale, stad for utstilling og møteplass.
	Bygge identitetskjensle og tilhørslse gjennom samarbeid med lokale kulturaktørar
Utvikle betre kultur- og fritidsfasilitetar.	Utvikle og vedlikehalde eksisterande kulturarenaer for å støtte kulturarrangement og møteplassar.
	Kartlegge tilgjengeleg møteplassar for bruk, funksjon og universelt utforming.

Idrett og fysisk aktivitet:

Hovudmål: Askvoll skal gjennom idrett og fysisk aktivitet fremje helse, trivsel og fellesskap for innbyggjarane.

Målet er at idrett og fysisk aktivitet skal vere tilgjengeleg for alle uavhengig av alder, kjønn og bakgrunn. Vi skal sikre god kvalitet og vedlikehald på idrettsanlegg. For å jamne ut sosiale skilnader innan idrett og fysisk aktivitet, ynskjer vi å bidra ved å legge til rette for inkludering, auka tilgjengelegheit og gje naudsynt hjelp. Vi skal motivere innbyggjarane til å ta vare på eiga helse gjennom informasjon, støtte og fysisk tilrettelegging til eigenorganisert aktivitet.

Delmål	Strategi
Fremje inkludering og mangfald i idrett og fysisk aktivitet.	Redusere sosiale skilnader og auke mangfaldet i idretten.
	Bu- og bygdemiljø bør invitere til trivsel, inkludering og fysisk aktivitet.
	Nå ut med informasjon knytt til støtteordningar.
Legge til rette for auka fysisk aktivitet i idrettsanlegg og nærområde i alle aldrar.	Sikre høg kvalitet på idrettsanlegg.
	Tilrettelegge for fysisk aktivitet på arbeidsplassen, gjerne gjennom treningspausar.
	Gjere det attraktivt for innbyggjarane å gå, sykle og køyre kollektivt.
	Fremje fysisk aktivitet blant eldre for å forbetre livskvaliteten og redusere aldersrelaterte helseproblem.
	Sikre areal, infrastruktur og anlegg som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet.
	Fysisk aktivitet som ein del av undervisninga og skulekvardagen.
	Vidareutvikle eksisterande idrettsanlegg med fleire idrettar.
Uteområde ved skule og barnehage skal stimulere til variert fysisk aktivitet	
Miljøvenlege idrettsanlegg.	Vere pådrivar for auka kunnskap om klima- og miljøtiltak for å ta gode miljøval.

Friluftsliv:

Hovudmål: Askvoll skal ha eit berekraftig friluftsliv som er tilgjengeleg og stimulerer til aktivitet og rekreasjon.

Gjennom målsettinga skal vi oppmuntre til ein sunn og aktiv livsstil, styrke tilknytninga til naturen, og auke bevisstheita om berekraftig bruk av våre naturområde. Samarbeid mellom det offentlege og frivilligheita er viktig for å nå måla og oppnå ynskja resultat.

Delmål	Strategi
Alle skal ha tilgang til gode friluftssareal nær der dei bur.	Gjere friluftslivet lettare tilgjengeleg gjennom god informasjon.
	Legge til rette med naudsynt infrastruktur til dei mest nytta ferdselsårene.
	Etablere og stimulere til attraktive og sosiale møtestadar i friluftsområde.
Vidareutvikle eksisterande lokalt friluftsliv på ein berekraftig måte.	Samarbeid med ulike aktørar for å fremje ansvarleg åtfærd blant brukarar.
	Fremje natur- og miljøopplæring for å auke forståinga for tydinga av berekraftig bruk av naturen.
Fremje helse og trivsel gjennom friluftslivsaktivitetar.	Oppmode innbyggjarane til friluftslivsaktivitetar i samarbeid med lokale friluftsansjonar, skular, bedrifter og andre interessentar.